



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Heradsstyret		
Sakshandsamar:	Bibliotek	Henrik Carlsen	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	23/2612
		Klassering:	

Løypemelding om frivilligsentral

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek saka til vitande.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heradsstyret vedtok 19. oktober 2023, gjennom sak 088/22 å etablere frivillig- og utstyrssentral i Osterøy kommune, gjennom følgjande vedtak:

«Osterøy kommune opprettar frivillig- og utstyrssentral så snart det lar seg gjere.

- Frivillig- og utstyrssentralen i Lonevåg må ha ei likeverdig vekting av dei to ansvarsområda. I tråd med kravet til statsstøtte må det knytast ei hel stilling til Frivilligsentralen.

- Frivillige lag og organisasjonar må involverast i arbeidet med å utvikla frivillig- og utstyrssentralen.»

Etablering av frivillig- og utstyrssentral i Osterøy kommune er ein prosess med stor interesse i lokalsamfunnet. Kommunedirektøren finn det difor formålstenleg med ei løypemelding som gjev informasjon om status.

Lokalar til frivillig og utstyrssentral

Det blei inngått kontrakt om leie av lokalar til frivillig og utstyrssentral i 1. etasje på av bygget der biblioteket held til. Desse lokala skal etter planen brukast til Utstyrssentral, kontorplass for *idrett, frivillighet og kultur* og møterom til disposisjon for lag og organisasjonar. Andre rom på bygget er tilgjengelege for frivilligsentralen sine aktivitetar og til utlån for lag og organisasjonar.

Utstyrssentral

Utstyrssentralen var allereie våren 2022 under planlegging som eit tiltak for integrering og utjamning. Bakgrunnen for at ein starta arbeidet med å etablere ein utstyrssentral, var krigen i Ukraina. Utstyrssentralen såg ein for seg å kunne bli finansiert med støttemidlar frå BUFDIR si ordning for «Tilskot til inkludering av barn og unge». Søknaden om desse midlane blei avslått i mai 2023. Grunngjevnaden for dette var at stor auke i søknader på ordninga gjorde at BUFDIR måtte prioritere nye søkarar. Osterøy kommune har allereie hadde andre pågåande prosjekt med støtte frå denne ordninga, og vart difor ikkje prioritert.

Administrasjonen har sidan levert søknadar om tilskot til utstyrssentral i andre støtteordningar.

Tilsetting av frivilligkoordinator

Det vart lyst ut ei stilling som frivilligkoordinator 100% fast tilsetting med følgande arbeidsoppgåver:

- Utforma og planlegga frivilligsentralen si verksemd i lag med medarbeidarar, rådgjevande organ og frivillig sektor.
- Administrere og drifte utstyrssentral

Frivilligkoordinator blei tilsett med oppstart 2. mai 2023. Frivilligkoordinator jobbar i team for idrett, frivilligheit og kultur. Teamet består av Frivilligkoordinator, Idrett og ungdomskonsulent, samt Kultur og ungdomskonsulent. Saman handterer teamet kommunen sine oppgåver knytt til frivilligheit, fritidstilbod, samt lag og organisasjonar. Konsulentane har som hovudregel ansvar for oppgåver knytt til forvaltning og formaliserte prosessar, mens frivilligkoordinator skal jobbe meir saman med frivilligheita. Teamet har arbeidsplass i lokala til frivilligsentralen.

Organisasjonsform frivilligsentralen

Frivilligsentralen er organisert som ei kommunal verksemd. Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for økonomi og personale. Frivilligkoordinator er kommunalt tilsett og rapporterer til sin avdelingsleiar (Leiar for Osterøy bibliotek, tittel endrast i løpet av hausten).

Det har blitt utpeika eit rådgivande organ for frivilligsentralen, noko som er ein føresetnad for tilskot (Forskrift for tilskot til frivilligsentral, § 7c.) Rådet har ikkje nokon formell mynde over korleis frivilligsentralen skal bli drive, men skal ifølge forskrifta kunne påverke drifta.

Rådet har hatt to samlingar og ein drøftar no kva rolle og funksjon rådet skal ha.

Opning av frivilligsentral

Frivilligsentralen hadde offisiell markering av opning 1. september. Frivilligsentralen har opningstid måndag 13.00-17.00 og torsdag 9.30-13.00. Frivilligkoordinator har vanlig kontortid og er tilgjengeleg for førespurnader.

Frivilligsentralen nyttar norske frivilligsentralar si nettløysing, med aktivitetskalender og organisasjonsportal.

Vurdering

Følgjande vurderingar er gjort i etablering- og oppstartsfase:

Lokalar til frivillig og utstyrssentral

Ustyrssentralen vil, etter planen, ta opp ein stor del av rommet som er tileigna frivilligsentralen. Det har vore stilt spørsmål ved om dette oppfyller vedtaket om likeverdig vekting av dei to ansvara, samt om det oppfyller krava i Forskrift om støtte til frivilligsentral, §7e: «*Frivilligsentralen skal ha tilgang til fysiske lokaler*».

Vedtaket si ordlyd var at «frivillig og utstyrssentral skal opprettast så snart det let seg gjere.» Sidan prosessen med å overta desse lokala allereie var pågåande var det rekna som den raskaste måten å få etablert dei to tiltaka.

«Fysisk møteplass for frivilligheita» er eit forslag til tiltak nemnd i Frivilligpolitikk for Osterøy, men det er andre forhold som blir trekt fram som hovudutfordringar for frivillig sektor. Dette er:

- dårlig økonomi
- mangel på menneskelige ressursar
- utfordringar med formidling av tilboda/skape samarbeid

Administrasjonen har difor vurdert at eit eige forsamlingslokale ikkje er eit prioritert behov for frivilligsentralen sin funksjon på Osterøy, noko som òg kan sjåast i lys av at det er mange skular, ungdomshus, klubbhus og bedehus i kommunen som kan nyttast som forsamlingslokale ute i bygdene. Dette vert forsterka i tolkinga av tilgang på lokale i gjeldande forskrift (IBID):

«Frivilligsentralen må disponere lokale som legg til rette for aktivitet. Dersom frivilligsentralen har samlokalisering med til dømes eit bibliotek, så vil dette vere tilstrekkelig, så lenge sentralen disponerer lokalet slik at ein får gjennomført relevante aktivitetar for målgruppa. Det er mogleg å gjennomføre aktivitetar på ulike lokasjonar i lokalsamfunnet. Ei stilling som frivilligkoordinator hos kommunen, der koordinatoren primært sit på eit fast kontor, vil ikkje kvalifisere for at ein kan søke om støtte.»

Kommunen er lovpålagt å ha eit lokale med møteplassfunksjon gjennom bibliotektilbodet. Det er ei pågåande utvikling i landet at folkebibliotek blir samorganisert eller samlokalisert med andre tenester, til dømes frivilligsentral. Dette er bakgrunnen for at desse to tiltaka er sett i samheng. Frivilligsentralen kan og skal nytte biblioteket sine lokalar til sine arrangement. Biblioteket skal framleis vere biblioteket, og frivilligsentralen sin primære lokasjon vert i 1 etasje. For å vise samanhengen mellom dei to lokala, leitar vi etter eit nytt namn på huset som skal knytte disse to arenaene saman.

Utstyrssentral

Forutan finansiering, har administrasjonen møtt på ein del utfordringar med å få denne sentralen på plass. Det handlar om at vi nå må sjå korleis og på kva måte lokala til frivilligsentralen vert brukt, og om finansiering av driftsoppgåver som reparasjonar og oppfølging av utstyret.

Administrasjonen vurderer difor at det er nødvendig å ta eit skritt tilbake og fokusere mest på frivilligsentralen. Vi skal fortsette å jobbe mot å realisere utstyrssentral, men vi tør ikkje estimere noko tidshorisont.

Tilsetting av frivilligkoordinator

Administrasjonen har dei siste tre åra førebudd seg på å få plass ein frivilligsentral, ved å rydde i andre arbeidsoppgåver knytt til frivilligheita som må utførast. Ein starta difor med å få på plass kultur, idrett og ungdomskonsulentar, for å dekke inn lovpålagte oppgåver på fagområdet. Eksempel på lovpålagte sakshandsamingsoppgåver på fagområda er behandling av søknader om spelemidlar til både idrett og kultur, oppfølging av ungdomsråd, samt nødvendig dialog med lag og organisasjonar for å sikre mellom anna lovpålagt planarbeid. Først når administrasjonen var sikre på at disse oppgåvene var i vare teke, var tida moden for å sjå på ei frivilligkoordinatorstilling. Risikoen ved å tilsette frivilligkoordinator først, er at stillinga hadde blitt «spist opp» av nemnte lovpålagte oppgåver. Lag og organisasjonar treng at alle oppgåver blir løyst, ikkje berre deler av dei. Det har òg vore ein prosess å finne lokasjon, organisering og tilnærming. Vi har nå etablert eit team, ei dør inn, for alle lag og organisasjonar, samt ungdom, som teller 2,6 årsverk. Frivilligsentralen og biblioteket er møteplassen, og dei som arbeider her skal ha nok kompetanse til å rettleie vidare i kommunal forvaltning ved behov.

Dei som arbeider på frivilligsentralen er eit team, som saman utfyller kvarandre. Å ha ei frivilligsentral med berre ein tilsett, hadde gjort både fagområde og sentral sårbar. Nå er dei tre som kan bygge kvarandre, og som kan fordele arbeidsoppgåvene mellom seg.

Det er gjort eit val om å ikkje nytte stillingstittelen «dagleg leiar for frivilligsentral». Dette fordi ein slik stillingstittel i kommunal forvaltning legg føringar for økonomi og personalansvar. Stillingstittel

som frivilligkoordinator gjev føringar for andre arbeidsoppgåver. Det er eit medvete val at kommunen som arbeidsgjevar i minst mogleg grad skal låse forvaltningsoppgåver til denne stillinga. Stillinga skal ha stor grad av fridom. Arbeidsgjevar si rolle er i hovudsak å skjerme frivilligkoordinator for arbeidsoppgåver som ikkje er hensiktsmessig, samt å sørgje for at arbeidsmiljølov og hovudtariffavtale vert følgt. Vidare ynskjer arbeidsgjevar å følgje opp at frivilligheita vert behandla med likeverd, og at vi ikkje kjem i ein situasjon der «første lag til mølla» får bistand, medan andre tilfeldigvis blir sist i køa.

Når stillinga vart lyst ut òg med fokus på utstyrssentral, er det fordi den samla summen med årsverk på frivilligsentralen òg vil vere tilgjengeleg for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver knytt til å vere frivilligkoordinator. Eit namn og eit ansikt ut er viktig og riktig, men fokuset må vere å bygge eit team. Ingen kan vere alt.

Organisasjonsform frivilligsentralen

Administrasjonen har vurdert at valte organisasjonsform vil gje den som er tilsett i stillinga som frivilligkoordinator handlingsfridom i møte med frivilligheita. Valet bør og sjåast i lys av resten av organisasjonsstrukturen, der frivilligkoordinator inngår i eit team for idrett, kultur og frivillighet, samt samlokaliseringa med biblioteket.

Folkehelse

Administrasjonen vurderer at vi nå har på plass gode strukturar for samarbeidet med frivillig sektor. Nå må ein fokusere på å bygge innhald saman med sektoren. Gjennom dette arbeidet, ser ein for seg at ein vil få auka fokuset på folkehelse i kommunen.

Konklusjon

Heradsstyret det orienteringa til vitande.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost